



Ing K Dømbe  
Fanavegen 221C  
5239 RÅDAL

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/2349 - 18/14867

Saksbehandlar:  
Stian Marøy  
Stian.Maroy@radoy.kommune.no

Dato:  
10.10.2018

## Byggesak Gbnr 34/28 Grindheim - bruksendring frå fritidsbustad til einebustad - mellombels svar

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.05.2018.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må søkjast utsleppsløyve for einebustad før det kan gjevast løyve til tiltak i eitt-steg, dette då vedlagt utsleppsløyve gjeld fritidsbustad.
2. I berekning av BYA er det brukt 18 m<sup>2</sup> til parkering, kommuneplan for Radøy 2011-23 sine føresegn § 2.7.2 krev minst 2 parkeringsplassar både for fritidsbustad og einebustad. Det må derfor reknast 36 m<sup>2</sup> til parkering (sjå også tekst lengre ned i mangelbrevet der kommunen etterspør informasjon om eventuelle andre bygg på eigedomen som har blitt nemnt i mottatt dokumentasjon).

I brev frå Statens vegvesen, datert 17.09.2018, vert det ikkje gjeve løyve til endra bruk av avkjørsle ved endring frå fritidsbustad til einebustad. Det kan ikkje gjevast løyve i eitt-steg før det legg føre eit godkjent løyve frå Statens vegvesen.

Vidare står det i brevet frå Statens vegvesen at det er ført opp tilbygg og garasje utan dispensasjon frå avstand til fylkesveg. Det kjem også fram i mottatt søknad at det er eit frittstående anneks på eigedomen. Kommunen ber om ei utgreiing om desse tilhøve og status på desse.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 17.12.2018. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Stian Marøy  
ingeniør/byggjesakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

Daniel Brzostowicz	Grindheimsvegen 125	5936	MANGER
--------------------	---------------------	------	--------

#### **Mottakarar:**

Ing K Dømbe	Fanavegen 221C	5239	RÅDAL
-------------	----------------	------	-------